

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
v/Nils Skavhellen
5020 Bergen

Kleppestø, 18.03.16

Kommentarar til søkjartala for Askøy videregående skole

Vg1 Teknikk og industriell produksjon

Sjølv om primærtala er låge, ønskjer vi å oppretthalde dei to klassane vi har.

Vg2 Industriteknologi

Også her ønskjer vi å oppretthalde klassen.

Skulle vi ha redusert klassetalet på dette utdanningsprogrammet, hadde vi fått overtalige lærarar. For å vere rusta til betre tider, må vi halde på fagmiljøet vi har.

Vg2 Overflateteknikk

Vi er einig i at det er uaktuelt å starte opp tilbodet, og vi ber fylkeskommunen vurdere om Askøy vgs skal arbeide vidare for å prøve å etablere en slik klasse.

Andre kommentarar

Elektrofag Vg1

Askøy vgs har i mange år hatt 3 klassar på Vg1 elektrofag, og for nokre år sidan blei ein klasse lagt ned fordi vi ikkje hadde lærar. Vi har i alle år hatt søkjartal til ein tredje klasse, og slik er det i år også, og vi ber derfor om å få ein tredje klasse på Vg1 elektrofag.

Søkjartala har vore drøfta med dei tillitsvalde.

Sigrid Hiller
rektor